



Alver kommune, Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 7db15aef-bc2c-4994-b54b-  
cb9ef2ae5452

Vår: 23/6565 - 23/70062

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

07.09.2023

## **VEG-forvaltning - uttale offentlig ettersyn & høyring - Detaljreguleringsplan for Mangersnes PlanID 12602011000400**

Eigedomsforvaltning ved avdeling veg har fått detaljreguleringsplan for Mangersnes bustadområdet til høyringsuttale ved offentlig ettersyn. Vegforvaltning har nokre kommentarar til planframlegget.

### **Generelt**

Alver kommune har utarbeida ein sykkelstrategi. Den kommunale vegen Mangersnesvegen ligg inne som lokalnett for sykkel i oversikta over strekk for sykkelnett i strategidokumentet. Pr i dag er Mangersnesvegen ein smal veg utan fortau og har ikkje gode vegskuldrar som kan nyttast av mjuke trafikantar. I tillegg til fastbuande er det ei båthamn på strekninga. For å betre trafiktryggleiken for dei som bur i dette området og nye bustader, er det viktig at det kjem på plass fortau på strekninga. Utan tilrettelegging vil ein vanskeleg oppnå målet om fleire gåande og syklende i sentrumsnære område.

### **Plankart**

o\_SKV2 går i plankartet direkte over i privat fellesveg f\_SKV3. Det må setjast krav til å regulere inn snuhammar der offentlig, kommunal veg sluttar.

Inne i feltet langs fellesvegane bør det setjast av eit areal for anna veggrunn mellom veg/fortau og bustadomtene. Dette for å sikre grøfter langs veg og hindre planting av buskar som veks inn over fortau, veg og siktsoner, samt murar og gjerder som både kan hindre sikt og naturleg leiding av overvatn til grøft.

### **Føresegner**

Endringar er foreslått med raud tekst i kursiv.

### **3.4 Tekniske vegplanar (§ 12-7 nr. 12)**

3.4.1 Det skal utarbeidast teknisk plan for veg i tråd med handbok N100 (og R700) som skal godkjennast av Alver kommune/aktuell vegmynde før igangsetjingsløyve vert gjeve. *Vegane skal dimensjonert for bruk av stor lastebil L, renovasjon- og utrykningskøyretøy.*

*3.4.2 Oppbygging av veglegemet skal vere i samsvar med N200*

### **§4 Rekkjefølgekrav**

#### Tabell:

Møteplassar M1-M8 langs eksisterande veg skal vere ferdig opparbeida **og dokumentert godkjent** før felt BSF1-4 og BFF2 får IG.

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

#### 4.2 Før bustader takast i bruk (bruksløyve/ferdigattest)(pbl § 12-7 nr. 10)

- a) Det kan ikkje gjevast bruksløyve for bygningar innanfor regulert område før det er gjeve bruksløyve for teknisk infrastruktur fram til respektive eigedommar.
- b) For alle nye bustadar innanfor planområdet må tiltak i utomhusplanen vere ferdigstilt før det kan gjevast bruksløyve til bustader.
- c) Før bruksløyve for VVA-anlegg kan gjevast skal det liggje føre «som bygd» dokumentasjon for anlegget, og denne skal vere godkjent av kommunen.
- d) Før det kan gjevast bruksløyve for dei ulike delfelta innafor planområdet må følgjande tiltak vere ferdigstilt:

#### BFS1-4 og BFF2:

o\_SKV2 , o\_SF1, f\_SKV3 , f\_SKV5 , f\_SF2, f\_SF3, f\_BRE1 og avkøyrslar langs veg skal vere opparbeidd i samsvar med plan og ferdigstilt *med fast dekke* før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustader BFS1-4 og BFF2.

Fast dekke bør vere gjeldande for alle vegareal.

#### § 6 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

Handbok N200 stiller krav til vegoppbygging og bør refererast til.

o\_SKV11 bør endrast til f\_SKV11 når o\_SKV9 og o\_SKV8 er opparbeida og overtatt til offentleg veg.

#### 6.6.3

o\_SVG7, o\_SVG8, o\_SVG9, o\_SVG10, o\_SVG11 og o\_SVG12 er satt av til anna veggrunn. *Området kan tilbakeførast til tenleg måte etter at o\_SKV2 er opparbeida.*

Det er ikkje fornuftig å tilbakeføra areal for anna veggrunn. Dette er grunn som skal vere avsatt til areal for grøft og anna infrastruktur som skilt og stolper. Anna veggrunn ser ut til å vere svært smalt i plankartet og bør som absolutt minimum vere 1m breitt, aller helst 1,5m.

#### Vegteikningar

Klarar ikkje sjå ut frå plankart eller vegteikningar at det er lagt til grunn kurveutviding i sving for køyretøygruppe L. Dette må vurderast og leggest inn i dei kurver kor det er behov for utviding. Vegbreidde 5m og fortau 2,5m er ok for denne vegen.

Ser at det ikkje er sett av areal til anna veggrunn langs o\_SKV2, men GN naturområde. Her bør det endrast til SVT eller SVG. Det kan i framtida bli vurdert behov for veglys, i tillegg skal vegeigar ha areal til grøfter, skilt og andre vegtekniske innretingar.

#### Trafikkanalyse

Trafikkanalysa legg opp til ei anbefalt fortausbreidde på 1,5-2,0m breidde. Sett frå eit drift- og vedlikehald perspektiv er eit absolutt minimum 2,0m breie fortau. Med dagens utstyr, særleg med tanke på vinterdrift, er det eit sterkt ynskje om ein standard fortausbreidde på 2,5 m langs alle kommunale vegar. Ser det er lagt 2,5m inn i føresegnene så det er ok.

Trafikkanalysen anbefaler bruk av L2, øvrige lokalvegar som ikkje skal ha høgare ÅDT enn 300. Ser det i plankartet er lagt opp til offentleg veg på 5m breidde som er ok ved den ÅDT som er lagt til grunn, ÅDT 350-400.

Foreslått utforming av møteplassar (M1-M8) langs dagens veg er krav til Hø2 vegar og vil difor kunne vere eit godt supplement til ein L2 veg. Det er viktig med sikt til neste møteplass slik at ein unngår rygging og må utformast slik at 2 lastebilar kan møtast.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune, Plan og byggesak    Postboks 4    5906    FREKHAUG